



Nærings- og fiskeridepartementet

30.04.2015

Deres ref.:

Saksbehandler: Arne Berge

Saksnr. 14/22676-4

Løpenr. 27716/15

Arkivnr. U01

## **MELDING OM POLITISK VEDTAK - NOU 2014:16 SJØMATINDUSTRIEN FRA ROGALAND FYLKESKOMMUNE**

Det er i Fylkesutvalget den 14.04.2015 fattet følgende vedtak:

1. Fylkesutvalet ber styresmaktene å leggja vekt på arbeidet med å sikra fri marknadsadgang for norsk fisk internasjonalt.
2. Fylkesutvalet er positiv til tiltaka som er knytt til utdanning, kunnskapsproduksjon, FoU- og marknadsføringsaktivitetar.
3. Fylkesutvalet meiner det er viktig med godt utdanna fagarbeidarar med kompetanse frå vidaregåande skule og fagskule, og at det er sterke utdanningsmiljø på høgskule- og universitetsnivå for sjømatindustrien i regionen.

### Tiltak retta mot fiskerinæringa:

4. Fylkesutvalet er positiv til tiltaka som er knytt til kontroll og tilsyn med fangst, førstehandsomsetting, mattryggleik/-hygiene, arbeidsforhold og -vilkår, -miljø m.m.
5. Fylkesutvalet er negativ til forslaget om å omsette kvotar uten kvotetak pr. fartøy (oppheving av strukturvoteordninga).
6. Fylkesutvalet er positiv til forslaget om å endre strukturvoteordninga, ved å oppheve geografiske begrensninger for sal og å redusere talet på fartøysgrupper når det gjeld kvotefordeling og strukturkvotar.
7. Fylkesutvalet er positiv til forslaget om å endre aktivitetskravet i § 6 i deltakarlova for å gje sjømatindustrien tilgang til å eige fiskekvotar under føresetnad av at norsk eigarskap over ressursane kan oppretthaldast. Næringa må få større fridom til vertikal integrasjon, og til fritt å organisere verksemda for å optimalisere verdiskaping og produksjon.

8. Fylkesutvalet vil støtte oppretting av ei voldgiftsordning som kan tre inn ved usemje om fastsetting av salsvilkår for fisk.
9. Fylkesutvalet meiner at det ikkje er behov for ei endring i førstehandsomsetting for villfisk jf. fiskesalslagslova per i dag.
10. Fylkesutvalet i Rogaland er positiv til forvaltning som gjev større stabilitet og mindre aktivitetstopp.

Tiltak retta mot havbruksnæringa:

11. Fylkesutvalet meiner at regelverket bør ha meir forutsigbare og nøytrale kriterier for tildeling av nye konsesjonar, og legge til rette for ein forutsigbar vekst. Det bør også arbeidast for ei betre samordning av dei ulike forvaltningsorgana som havbruksnæringa må førehalda seg til, for å korte ned sakshandsamingstida og for ei meir forutsigbar sakshandsaming.
12. Fylkesutvalet i Rogaland meiner at det bør vurderast større fleksibilitet / meir like vilkår for små og store aktørar når det gjeld å utnytte MTB og moglegheiter til å flytte biomasse.
13. Norge er ein råstoffeksportør, også i marin samanheng. Fylkesutvalet ser at økt grad av bearbeiding av marint råstoff vil være ein viktig faktor i arbeidet med å styrka og videreutvikla kystnære samfunn og i å bidra til økt verdiskaping lokalt, regionalt og nasjonalt. Fylkesutvalet ynskjer at dette må vektleggast i arbeidet med vidareutvikling av den norske sjømatindustrien.

Med hilsen  
Næringsavdelingen

Arne Berge  
seniorrådgiver

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.*